

Hjønnnevåg fekk Målblomen for 2012

18.03.2012



Marit Hjønnnevåg tok i mot Målblomen 2012 på årsmøtet i Kvinnherad mållag i dag av Kristian Bringedal (Foto: Lars Børge Seberg)

Målblomen 2012 vart tildelt Hjønnnevåg i Uskedalen under årsmøtet i mållaget i Rosendal

Kvinnherad Mållag vil arbeida for eit godt og teneleg forretningsmål på nynorsk. Dette kan gjerast ved å hjelpe og stimulera verksemder og organisasjonar til å bruka nynorsk i lysingar, maknadsføring og elles i alt skriftleg tilfang internt og mot kundar og brukarar.

Målblomen er ein "pris" for medvite bruk av nynorsk i kommunal og offentleg teneste, private verksemder og organisasjonar. Mållaget har årleg sidan 1999 tildelt Målblomen til verksemder i Kvinnherad som over tid har synt at dei brukar målforma nynorsk.

I grunngjevinga for tildelinga av Målblomen 2012 heiter det:

'Hjønnnevåg er ei tradisjonsrik verksemd med god og solid drift i over 50 år. Henrik Hjønnnevåg frå Solund i Sogn kom til Uskedalen i 1939. Han dreiv fisketransporten på kysten i brønnbåt fram til krigen. Etter ei tid med arbeid på hermetikkfabrikken i Beinavikjo starta han fiskematbedrift i Rosendal 1948. Verksemda vart flytta til Nedre Fet i Uskedalen i 1951.'

Med auka omsetnad og auka krav til fiskematproduksjon har lokalavorte utvida og flytta fleire gonger. Den siste utvidinga var i 2004. Verksemda er nasjonalt kjend for sjømatprodukt av høg kvalitet.

Kvinnherad mållag har merka seg at Hjønnnevåg nyttar nynorsk i alt

skriftleg tilfang. Lokalt har Hjønnnevåg såleis synt positiv vilje til å nytta den målforma som ligg nær talemålet og kulturarven i Kvinnherad. Dette vitnar om eit språkleg medvit som fortener heider og ros,- dette i ein bransje som på landsbasis ofte brukar bokmål.

Vi har særleg merka oss bruken av nynorsk i høve til:

Lysingar

Profilering og marknadsføring

Etikettar/ varemerke

Heimesida

Logo og firmamerke

Med dette som bakgrunn sluttar årsmøtet seg til at

Målblomen 2012 vert tildelt sjømatprodusenten Hjønnnevåg i Uskedalen'